



Frå juleavslutninga i fjor

**Jula nærmar seg med raske skritt, og vi går no inn i tida for dei mange juleavslutningane. Turngruppa skal ha si årvisse avslutning i Aktivitetshuset førstkommande onsdag. Dette plar vera ei hyggestund i førjulstida både for store og små, og derfor er det naturleg at arrangørane held på det tradisjonelle innhaldet i programmet.**



Leiar i turngruppa, Hege Lekva, fortel at hovudposten i programmet sjølvstegt er oppvisningane som dei ulike gruppene står for. I tillegg skal dei frammøtte få kosa seg med kaffi og kaker. Loddsalg høyrer alltid med på slike

samkøper, og dessutan vert det salg av julakjeks noko som er nytt av året. Desse vert selt for 40 kr boksen, og vi skulle tru at dette vert eit populært tilbod i ei travel førjulstid.

Julakjeks vil turngruppa også selja ved julegrantenninga fredag 30.11.

Turngruppa har vist evne til fornying. I haust starta dei med gymstick-parti. Det nye utstyret var då ei gåve frå Oddmund Soldal. No ønskjer dei å bruka overskotet frå lodd- og kjekssalet til innkjøp av nytt utstyr til dei yngste på barnetrimmen og i idrettsskulen. Det er eit skumprodukt, og den ønskje modulen som er vist nedanfor kostar 13.000 kr så pengane kjem godt med.

Hege Lekva og turngruppa ønskjer alle velkomne til ei koseleg førjulsstund i Aktivitetshuset onsdag 28.11. kl17.00 – 18.30. Heilt til slutt kan ho og melda om at det går sterke rykter på bygda om at julenissen kanskje tar ein tur innom!

Av Thor Inge Døssland.